


### Oppgave 1

Eit rektangel har sidelengder 15 cm og 9 cm.  
Tina klipper bort eit kvadrat i kvart hjørne.  
Kvart kvadrat har omkrins 8 cm.

**Kva er omkrinsen til den nye figuren?**




A 32 cm

B 40 cm

C 48 cm

D 56 cm


E 64 cm



### Oppgåve 1

Vidare utforsking:


- Kva skjer med omkrinsen om Tina klipper bort kvadrat med ulike omkrinsar?
- Kor store kvadrat kan ho klippe bort?
- Kva om ho i staden klipper bort rektangel?
- Og kva skjer om ho klipper bort fire ulike rektangel?
- Kor store rektangel kan ho klippe bort?



**Oppgåve 2**

Tom har eit rektangel med omkrins 40 cm. Han klipper bort ein trekant i kvart hjørne slik figuren viser.

**Kor lang blir omkrinsen av den nye figuren?**




- A 12 cm      B 24 cm      C 28 cm      D 32 cm      E 36 cm

**Oppgave 3**

Linjestykket  $AB$  er 24 cm. Den prikkede linja og linjestykket  $AB$  dannar kvadrat.

Kor mange cm lang er den prikkede linja?



A 48 cm

B 72 cm

C 96 cm



D 106 cm

E 120 cm

## Oppgåve 3

Vidare utforsking:

- Kva om den prikka linja i steden for kvadrat danna likesida trekantar? Kor lang ville ho da bli? (Sjå teikninga nedanfor).
- Kva om den prikka linja dannar rektangel der breidda er halvparten så lang som lengda? Kan ein finne ut kor lang ho er da? (Sjå teikninga nedanfor).




A large rounded rectangular box for writing the answer.

**Oppgåve 4**

Figuren er sett saman av kvadrat.

**Kor stor omkrins har det største kvadratet?**

- A 16 m      B 32 m
- C 64 m      D 100 m
- E 256m



## Oppgave 5

Eit rektangel er delt opp i fem mindre rektangel, som på figuren. Omkrinsane av dei fire grå rektangla er 6, 11, 12 og 13.

Omkrinsen av det store rektanlet er


A 21

B 23

C 25

D 44

E 46



A large rounded rectangular area for writing the answer.

## Oppgave 6

Rektanget  $ABCD$  er delt i fire mindre rektangel slik figuren viser. Omkrinsen til tre av rektangla er 11 cm, 16 cm og 19 cm. Det fjerde rektanget har verken den største eller den minste omkrinsen av de fire.

Kor stor omkrins har rektanget  $ABCD$ ?

A 28 cm

B 30 cm

C 32 cm

D 38 cm

E 40 cm

